



*Produktkonkurransen 2009 "Kvardagsglede".*

# *Årsmelding* 2009

## *Skípa 1910*

### **MEDLEMMER**

■ Direkte medlemmer	: ca. 23 000 medlemmer
■ Fylkeshusflidslag	: 19
■ Lokallag	: ca. 370
■ Husflidhandverkarlag	: 8
■ Husflidsutsal	: 37

### **Indirekte medlemmer gjennom kollektivt medlemskap:**

- lag med husflid på programmet sitt, hovudsak husmorlag og bygdekvinnelag
- skular, museum og andre organisasjonar

### **LANDSMØTET**

Fylkeshusflidslaga, husflidsutsala og fylkeshusflidshandverkarlaga har utsendingar med stemmerett på landsmøtet.

Landsmøtet er Norges Husflidslag si høgste myndigheit. Landsmøtet skal no, etter vedtektsending for NH i år 2000, haldast annakvart år, og ikkje kvart år som tidlegare.

### **STYRET I NORGES HUSFLIDSLAG (NH)**

Norges Husflidslag vert leia av eit styre på 7 medlemmer med personlege varamenn valde av landsmøtet.

### **SEKRETARIATET**

Sekretariatet har adm. direktør og 9 medarbeidarar (i heil- og deltidstillingar) som tek seg av:

- **Synleggjering – Organisasjonsutvikling**
- **Kompetanseheving – Fellesteneste**

### **Sekretariatet sine generelle arbeidsoppgåver:**

Husflidskonsulenttenesta, Vaksenopplæringa, Norsk Husflid, Internasjonalt samarbeid.

## *Skípa 1969*

### **MEDLEMMER**

Direkte medlemmer : **781**; vaksne: 582, born/ungdom: 199  
17 lokallag

*NB! På grunn av dataproblem sentralt kan det vere avvik frå dei framkomne tala. Dette beklagar vi!*

### **ÅRSMØTE**

Utsendingar frå lokallaga.

### **STYRET**

Lagleiar og 4 medlemmer valde av årsmøtet.

### **SEKRETÆR**

Sekretær i halv stilling.

### **KONTORSTAD**

Igelkjøn, Flekke.

### **HUSFLIDEN BERGEN A/S**

Sogn og Fjordane Husflidslag er medeigar i Husfliden Bergen A/S. Selskapet vart omdanna til aksjeselskap med verknad frå 1. januar 1996, og tok namnet Husfliden Bergen A/S. Aksjeeigarane er Hordaland- og Sogn og Fjordane Husflidslag med likt medeigarskap.

### **Med i styret for Husfliden Bergen A/S:**

- Kari Larsen - Florø Husflidslag
- Norunn Befring Hjellbrekke - Midtre Sunnfjordl Husflidslag

### **Valnemnda for Husfliden Bergen A/S:**

- Dagrun Johanne Hesjevoll - Sogn og Fjordane
- Britt Mari Gjerde Hesjedal - Hordaland
- Kari Larsen - Husfliden Bergen A/S

# Årsmelding 2009

## **INNLEIING**

Styret for Sogn og Fjordane Husflidslag har 5 faste medlemmer; lagleiar, nestleiar, studieleiar og to styremedlemmer.

## **STYRESAMANSETJING 2009**

Lagleiar : Dagrun Johanne Hesjevoll, Jostedal  
Nestleiar : Norunn Befring Hjellbrekke, Vassenden  
Studieleiar : Marianne Nesse, Årdal  
Styremedlem : Britt Midtbø, Rugsund  
Styremedlem : Åshild Dombestein, Davik

1. varamedlem : Ragnhild Hukset, Førde
2. varamedlem : Bodil Johnson, Nordfjordeid
3. varamedlem : Torill Bruvik, Aurland

Representant til folkekulturforbundet: Marianne Nesse

## **SEKRETÆRORDNING**

Sogn og Fjordane Husflidslag har sekretær i 50 % stilling.  
Dagrun Ylvisåker Igelkjøn har denne funksjonen.

## **STYREMØTE**

Sogn og Fjordane Husflidslag har i meldingsåret hatt 3 styremøte. Styret har handsama 18 saker.

Det første møtet vart halde på Skei Servicesenter (hytter), det andre på Skei Hotel, Skei, i samband med styreseminar. Det tredje vart halde pr. telefon.

1. varamedlem har delteke fast på styremøta. Dei andre vararepresentantane har fått tilsendt innkalling og referat.

## ØKONOMI

Sogn og Fjordane Husflidslag søker kvart år om driftstilskot frå

### **Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/Fylkeskulturdirektøren**

Tilskot drift 2009	<b>kr. 180 000,00</b>
<b>Sparebanken Sogn og Fjordane</b> , gåve	<b>kr. 9 000,00</b>
<b>Luster Sparebank</b> , gåve	<b>kr. 2 000,00</b>
<b>Førde kommune</b>	<b>kr. 1 000,00</b>
<b>Medlemskontingenten</b> , refusjon	<b>kr. 45 530,00</b>
Medlemstalet i år er <b>781</b> mot 774 i fjor.	
<b>Husfliden Bergen A/S</b> , aksjeutbytte	<b>kr. 30 000,00</b>

*Styret takkar for god støtte!*

### **Årsresultatet viser eit underskot på kr. 17 223,04**

## ÅRSMØTET 2009

Årsmøtet vart halde på Quality Hotel Førde, Førde, 13. – 15. mars. I alt 31 personar deltok; 22 med stemmerett, 5 observatørar og 12 gjester/andre.

### **Fredag 13. mars:**

Vi starta kl. 19.00 med middag.

Rundt kl. 20.30 ønskte leiaren, Dagrun Johanne Hesjevoll, deltakarane velkommen til Førde og årsmøtesamling – denne gong med 40-års jubileum.

Kveldsprogrammet sytte ekteparet Alvhild og Einar Eldal for – med føredrag og lysebilete om Viksdalsmåling.

Etter føredraget fekk deltakarane sjå på utstillinga, som var laga til ære for 40-års jubilaranten.

.... til slutt koseleg prat i salongen .... og ein svingom for dei som ønskte det.

### **Laurdag 14. mars:**

Etter ein lang og god frukost inviterte vertskapslaget Midtre Sunnfjord Husflidslag til "Kulturløype Førde rundt".

Første stopp var butikken "Trapp ned", som byr på mangt og mykje. Litt handel vart det både på den eine og den andre.

Deretter svinga vi inn i nabohuset, der fleire handverkarar held hus. Her var det masse spennande og flotte produkt å sjå.

Turen gjekk vidare over elva til Sogn og Fjordane Kunstmuseum på Prestebøen. Her vart vi vel mottekne av Morten Johan Svendsen, som fortalde om dei ulike samlingane og gjenstandane.

Turen enda i Førdehuset og Sogn og Fjordane Kunstsenter, der ein også fekk omvisning.

Tilbake til hotellet var det duka for lunsj før vi skulle ta fatt på årsmøtesakene og 40-års markeringa om kvelden.

### **40-års markeringa:**

Rundt 50 personar var med og feira 40-årsringen i Firdasalen på Quality Hotel Førde.

Under festen, som vart leia av leiaren i jubileumsåret, Dagrun Johanne Hesjevoll, vart det bore fram helsingar og gåver. Ordføraren i Førde, Nils

Gjerland, overrekte pengegåve frå kommunen. Agna Øvrebø hylla jubilaranten med ein strålande prolog, born frå Førde, under leiing av Kurt Erland, underheldt med flott pianospel og Petter Eide helsa 40-åringen med glade tonar frå fela si. Vidare bar Husflidskonsulenten, Synøve Eriksen Vadøy, fram gode ord og gratulasjonar, og tidlegare og mangeårig leiar av fylkeslaget, Inger Øyre, fortalde om hendingar frå si fartstid i laget. I tillegg var det allsongar og overrekking av blomar til tidlegare leiarar – som takk for arbeidet dei har lagt ned i organisasjonen.

### **PRODUKTKONKURRANSE**

I samband med fylkeslaget sine 40 år, valde styret å markere dette med ein produktkonkurranse. Temaet for konkurransen var gjenbruk/redesign, og tittelen var "Kvardagsglede". Utlysinga kom våren 09, og då sommaren var over, var heile 12 produkt leverte inn.

Særs gledeleg var det at fleire unge deltakarar melde seg. Løysingane deira var kreative, og styret er spente på å sjå meir til desse ved seinare høve.

Juryen bestod av Marianne Nesse, Synøve Eriksen Vadøy og Åshild Dombestein – og vinnarane var:

1. premie - kr. 2000: Stor skulderveske i gummi

**Marit Andersen, Førde**

2. premie – fagbøker for kr. 900,-: Lita skulderveske i gummi

**Marit Andersen, Førde**

3. premie – fagbøker for kr. 900,-: Lauslomme i dongeri og sprang

**Bodil Johnson, Nordfjordeid**

### **DELTAKARAR PÅ ÅRSMØTET**

Frå styret var desse til stades:

- Dagrun Johanne Hesjevoll, leiar
- Norunn Befring Hjellbrekke
- Brit Midtbø
- Åshild Dombestein

### **VAL**

#### **Til styret vart desse valde:**

Lagleiar, 1 år	: Dagrun Johanne Hesjevoll	- attval
Styremedlem, 2 år	: Norunn Befring Hjellbrekke	- attval
Styremedlem, 2 år	: Britt Midtbø	- attval
3. varamedlem, 2 år	: Torill Bruvik	- ny

#### **Valnemnd 2010:**

Else Moen	: Luster Husflidslag	- ny
Berit Lotsberg	: Eid Husflidslag	- ny

## Revisor:

Gunnar Råheim, Viksdalen

## REPRESENTASJON

- 14.03.09: Førde:  
**Dagrun Johanne Hesjevoll, Norunn Befring Hjellbrekke, Britt Midtbø, Åshild Dombestein og Dagrun Ylvisåker Igelkjøn:**  
*Møte med Husfliden Bergen A/S og Hordaland Husflidslag*
- 14.03.09: Førde  
**Norunn Befring Hjellbrekke:** *Generalforsamling Husfliden Bergen A/S*
- 20.04.09: Telefonmøte  
**Norunn Befring Hjellbrekke:** *Ekstraordinært styremøte Husfliden Bergen A/S*
- 24. – 26.04.09: Lillehammer  
**Dagrun Johanne Hesjevoll og Marianne Nesse:** *Fylkesleiersamling*
- 28.05.09: Bergen  
**Dagrun Johanne Hesjevoll og Dagrun Ylvisåker Igelkjøn:**  
*Samarbeidsmøte med Husfliden Bergen A/S/Hordaland Husflidslag vedk. 100-års jubileet, måltakarar bunad med meir*
- 08.09.09: Bergen  
**Norunn Befring Hjellbrekke:** *Styremøte Husfliden A/S*
- 10.10.09: Marifjøra  
**Dagrun Johanne Hesjevoll:** *30-års jubileum Luster Husflidslag*
- 17.11.09: Bergen  
**Dagrun Johanne Hesjevoll:** *Oppfølging samarbeidsmøte med Husfliden Bergen A/S/Hordaland Husflidslag*
- 30.10 – 01.11.09: Værnes  
**Dagrun Johanne Hesjevoll:** *Fylkesleiersamling*
- 01.12.09: Bergen  
**Norunn Befring Hjellbrekke:** *Styremøte Husfliden A/S*
- Heile året:  
**Dagrun Johanne Hesjevoll:** *Diverse møte i Arbeidsutvalet for fylkesleiarar (AU)*

## AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

For å følgje opp målsetjingane i arbeidsplanen har styret arbeidd med følgjande:

- ÅRSMØTE m/40-års markering, Førde, 13. – 15. mars
- MEDLEMSBLAD
- 100-ÅRS JUBILEET NH

## 100-ÅRS JUBILEET NH

Fylkesstyret har hatt 2 samarbeidsmøte med Hordaland Husflidslag, Husfliden Bergen og husflidskonsulentane i Hordaland og Sogn og Fjordane i samband med felles markering i og rundt butikken Husfliden Bergen AS i jubileumsåret. Dette skal skje 27. – 29. mai.

Likeeins har samarbeidspartane lagt opp til ei markering gjennom heile 2010; ein produsent/handverkar frå kvart fylke får stille ut produkta sine i butikken i ein månad.

### **KURS**

Det var planlagt 4 kurs i samband med medarbeidarsamlinga, som diverre ikkje fekk nok påmeldingar til å kunne arrangerast.

### **AKTIVITETSSTIPEND**

Fylkesstyret mottok 1 søknad til aktivitetsstipend i meldingsåret.

### **MEDLEMSINFO**

Medlemsbladet vart utsendt i år etter god innsats frå styret, Husflidskonsulenten og lokallaga våre.

### **HUSFLIDSDAGEN**

Husflidsdagen gjekk av stabelen 12. september.

Tema var: Barn og unge.

Dei lokale arrangementa var det lokallaga sjølve som hadde ansvaret for.

### **SLUTTORD**

Året 2009 er over i historia, og husflidsrørsla har markert seg i fylket med alle arrangement i lokallaga sin regi. Det har vore kurs, husflidsmesser og husflidens dag.

Konsulenten vår er aktiv i den kulturelle skulesekken, og på andre arenaer. Dette viser igjen!

Medlemstalet ligg på omtrent det same, og ein del lag klarar å rekruttere nye medlemmar. Bra er det!

Fylket ligg framleis på 2. plass i barne- og ungdomsmedlemmar med 199 medlemmar, noko som er ein god prosentdel av denne kategorien til NH. Så mange jobbar godt med born og unge, men det er òg lag som ikkje har klart å komme i gang. Det skal ressursar til for å drive dette også.

I fylkeslaget var det 40-års jubileet som tok det meste av tida. Det var mykje arbeid for å finne historia til laget, sidan dei fyrste møtebøkene er sporlaust vekke. Er det nokon som veit noko om desse - og kan hjelpe med å finne dei att, så er me svært takksame. Utstillinga som viste historia i 10års bolkar vart fin og opplysende.

Det vart ei fin markering av jubileet. Det var òg ei glede å kunne overrekke Bjørg Hovland gullnål og diplom frå NH for hennar store arbeid på 30-års jubileet i Luster Husflidslag.

Medarbeidarsamlinga vart avlyst grunna lita påmelding . Då valde styret å køyre eit styresmeinar, der konsulenten kursa oss i organisasjonsarbeid og motiverte oss for vidare arbeid. Det trengs også i styret – til liks med medlemsmassen.

Elles har ein arbeids med å markere 100-års jubileet til NH. I samarbeid med butikken vår, Husfliden Bergen, og Hordaland Husflidslag, så skal me få til ei fin markering i Bergen i mai.

## **STYRET TAKKAR**

- **Fylkeskulturetaten i Sogn og Fjordane**
- **Lokallaga**
- **Husflidskonsulenten i Sogn og Fjordane**
- **Husfliden Bergen A/S**
- **Hordaland Husflidslag**
- **Norges Husflidslag**
- **Musea i Sogn og Fjordane**

**for godt samarbeid i 2009!**

Flekkje 01. februar 2010

*Dagrun Hesjevoll*

Dagrun Johanne Hesjevoll  
- leiar -

*Norunn Befring Hjellbrekke*

Norunn Befring Hjellbrekke  
- styremedlem -

*Marianne Nesse*

Marianne Nesse  
- styremedlem -

*Britt Midtbø*

Britt Midtbø  
- styremedlem -

*Åshild Dombestein*

Åshild Dombestein  
- styremedlem -

# *Sogn og Fjordane Husflidslag har disse hjelpemidla til utlån pr. 31.12.09*

## **LYSBILETESERIE MED FØLGJANDE INNHOLD:**

- Fylkeshusflidsmønstringa i Førde, 19. – 21. september 1986.
- Husflidsutstillinga "Dekor på tre og klær", Nordens Hus, Torshavn, Færøyane, august 1986 – med tekst.
- Nordisk husflidsutstilling under det 19. nordiske husflidstinget i Kuopio, Finland, 1. – 4. juli 1986.
- Broderiutstillinga "Broderi på kle", Sunnfjord Museum, september 1986 – med tekst.
- Kursveke med heile familien, Heimeyrkeskulen i Jølster, 1983.
- Norges Husflidslag sitt landsmøte 1984.
- Medarbeidarkurset 1984, Vassenden, Jølster.
- Det 18. nordiske husflidstinget i Danmark, 1982.
- Det 20. nordiske husflidsting, 4. – 6. juli 1989, Sunne i Värmland, Sverige.
- Det 21. nordiske husflidsting, 29. juni – 2. juli 1992, Reykjavik, Island.
- "Puter til Pryd og Nytte", 1. juli – 22. august 1990. Utstillinga på Maihaugen - og alle 30 putene som vart uttekne frå fylket vårt. I tillegg register med bilete over 150 innsamla puter i Sogn og Fjordane.
- Medarbeidarsamlinga 1990, Heimeyrkeskulen i Jølster.
- Medarbeidarsamlinga 1991, Heimeyrkeskulen i Jølster.
- "O jul med din glede". Frå utstillinga på Maihaugen 22. juni – 18. august 1991. Og alle tinga som kom inn til SFH. I tillegg register over alle dei 61 tinga som vart innsamla her i fylket.
- Vandreutstillinga "Flid & Flørt", i Bergen 1995.

## **VIDEO:**

- Knipling for barn, produsert for Akershus fylkeshusflidslag.
- Toving for barn, produsert for Akershus fylkeshusflidslag.

## **Sogn og Fjordane Husflidslag eig og ei knivsamling – oppbevart på Sunnfjord Museum, Movika, Førde**

- 3 utstillingskassar som viser knivproduksjon
- Registreringspermar med bilete
- 3 lysbiletseriar
- Bøker om kniv

# Lokallag tilslutta Sogn og Fjordane Husflidslag

**Medlemstal er betalte medlemmer pr. 31.12.09:**

	<b>Tal medlemmer:</b>
Aurland Husflidslag	36, herav 1 barn/ungdom
Borgund Husflidslag	14
Davik og omegn Husflidslag	46, herav 24 born/ungdom
Eid Husflidslag	41, herav 16 born/ungdom
Florø Husflidslag	155, herav 41 born/ungdom
Hyllestad og Høyanger Husflidslag	9
Kjerringa Husflidslag	66, herav 23 born/ungdom
Leikanger Husflidslag	6
Luster Husflidslag	62, herav 2 born/ungdom
Lærdal Husflidslag	38
Midtre Sunnfjord Husflidslag	97, herav 25 born/ungdom
Sogndal Husflidslag	35
Stryn Husflidslag	5
Svelgen og omegn Husflidslag	44, herav 14 born/ungdom
Vik Husflidslag	71, herav 49 born/ungdom
Ytre Gulen Husflidslag	17
Årdal Husflidslag	22, herav 2 born/ungdom

*NB! På grunn av dataproblem sentralt kan det vere avvik i dei framkomne medlemstala. Dette beklagar vi!*